

Sak 3: Ekstremværet og konsekvensar for Trøndelag og Møre og Romsdal

Felles uttale:

Ekstremvêr har i sommar råka landet med flaum, jordskred og store vassmengder. Særleg vart Innlandet og Viken hardt ramma, men også i Trøndelag og Møre og Romsdal har mykje nedbør på kort tid medført skadar på viktig infrastruktur. Skader på toginfrastrukturen har ramma næringstransport og persontrafikk hardt.

Mykje er no utbetra, men ekstremvêret held fram med å ha store konsekvensar for togtrafikken. Kollapsen av Randklev bru ved Ringebru råkar nærmare 1 000 000 reisande årleg mellom Oslo og Trondheim/Åndalsnes.

I tillegg har godstrafikken fått redusert kapasitet og betydeleg auka framføringstid. Rørosbana er ikkje rigga for å kunne ta unna den ekstra trafikken, sjølv etter at fleire persontog er innstilt. Bana har for få og for korte kryssingsspor. Bane NOR melder at det ikkje vil vere plass til godstog til og frå Åndalsnes via Rørosbana, så per no er det ingen godstrafikk på Raumabana.

Bruddet på Dovrebana får dermed betydelege negative klimaeffektar. OnRail og CargoNet har fjerna ei betydeleg mengde trailerar gjennom Romsdalen, Gudbrandsdalen og Østerdalen, men no aukar talet trailerar raskt som følgje av at det ikkje vert køyrt godstrafikk på bane gjennom Gudbrandsdalen. Dette til tross for at fleire aktørar melder at det er krevjande å få tak i nok køyretøy og sjåførar. Det vil verte vanskeleg å få denne trafikken bort frå vegen att når Dovrebana igjen er operativ. På lang sikt gir dette grunn til bekymring med tanke på auka klimagassutslepp og at marknaden for godstrafikk på bane vil forsvinne, på kort sikt gir dette grunn til bekymring for trafikktryggleik og kapasitet på strekningar kor det allereie er behov for store utbetringar både på bane og veg, og som ikkje eigentleg tåler auka belastning.

Samarbeidsforum for samferdsel er svært bekymra for både kortsiktige og langsiktige konsekvensar av brukollapsen i Ringebru. Forumet meiner difor at:

- Samanhengande og gjennomgåande togtrafikk på Dovrebana og Raumabana må reetablerast raskast mogeleg.
- BaneNOR må få økonomiske ressursar til å etablere ei midlertidig bru over Gudbrandsdalslågen i Ringebru.
- Både midlertidig og permanent løysing må finansierast med friske pengar, ikkje forseinka planlagde utviklingsaktivitetar.
- Regjeringa må snarast mogeleg få på plass, og få konkretisert ei kompensasjonsordning for togselskapa som no ikkje kan køyre godstrafikk på tognettet, slik at selskapa kan starte opp godstransporten så snart bru er på plass.
- Det hastar også med andre type utbetringstiltak på strekningane for å redusere sårbarheita på traseane og auke kapasiteten for meir gods. Regjeringa må gjere det meir attraktivt å frakte gods på bane vs. veg og setje av meir pengar til å betre kapasiteten og redusere sårbarheita på jernbana, i både komande statsbudsjett og ny Nasjonal transportplan.